



Viltforvaltar Leiv Trygve Varanes og sauebonde Arne Haugland med lammet som vart teke av ørn i vår

**Statens Naturoppsyn har vurdert lammet som vart funne skamfert hos Arne Haugland i vår til å vera teke av kongeørn. I første omgang vart jerven mest sannsynleg gjeve ansvaret ettersom det like før var sett jervspor i området. Det var eit 3 veker gammalt lam av spelsau som vart funne berre 300 meter frå vegkrysset ved Haugland.- Viltforvaltar Leiv Trygve Varanes utelukka imidlertid heller ikkje at kongeørn kunne ha vore på ferde**

Det er ikkje meldt om sauetap førebels frå andre stader i Kvinnherad i år. Rådgjevar Magnus Johan Stensvåg hjå Fylkesmannen seier til

Kvinnheringen at hvis det blir vurdert som sannsynleg at ørna har teke sauen vert den erstatta fullt ut.

Men om det blir sett ein ørn på ein død sau treng det ikkje vera ørna som har teke livet av dyret, Kongeørna er og ein kadaveretar. Hvis ein ser eit direkte angrep stiller det seg naturlegvis annleis.

Ørna har i sommar påført sauebøndene i Åkra og Matre store tap. Det er ikkje observert fleire ørner enn dette året fortel sauebønder. som meiner det er naudsynt med nedskyting hvis skadane ikkje skal bli endå større

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen